

STYRESAK 051/20 Administrerende direktør si orientering pkt. 1
OVERSIKT OVER TILSYNSSAKER I HELSE VEST:
OVERSIKT OVER STATUS I TILSYNSSAKER SOM ER GJENNOMFØRTE,
ELLER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.

(Nye saker og nye aktiviteter i perioden er merka med raud skrift.)

Nytt sidan førre rapportering: Til saman to nye tilsyn. Tre tilsyn er lukka.

- Helse Førde har hatt eitt tilsyn:
 - Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn ved DPS Tronvik og Rus Tronvik med tema førebygging av vald og truslar. Det blei avdekka fire avvik ved DPS Tronvik og tre avvik med Rus Tronvik (sjå s. 6).
- Helse Stavanger har hatt eitt tilsyn:
 - Norsk Akkreditering har hatt tilsyn med avdeling for medisinsk biokjemi i høve til IKT. Det blei avdekka fire avvik (sjå s. 38).

HELSETILSYNSMYNDIGHEITER:
OVERSIKT OVER SAKER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.

HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT ORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Helse Bergen HF	Fylkesmannen i Vestland har hatt tilsyn med Haukeland universitetssjukehus i høve til utlokaliserte pasientar.	10.01.2020	Fylkesmannens konklusjon: «Helse Bergen sørgjer ikkje for at tiltak for å redusere risiko for svikt i helsehjelpa ved utlokalisering av pasientar vert regelmessig evaluert og korrigert når det er naudsynt». Dette er brot på: Lov om spesialisthelsetjenesten § 3-4 a, jf. forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten §§ 6 til 9. Konklusjonen byggjer på følgjande funn: Det er ikkje etablert praksis i alle klinikkar at lege blir involvert i vurderinga og avgjerda om utlokalisering av pasienten. Det er særleg risiko knytt til utlokalisering tidleg i pasientforløpet. Den overordna retningslina om medisinskfagleg ansvar fungerer ikkje godt nok.	01.04.2020	Fylkesmannen ber om at Helse Bergen følgjer opp slik: - Gjere ei særskilt vurdering av kva forhold som medverkar til lovbrøtet. Helse Bergen treng ikkje sende denne vurderinga til Fylkesmannen. - Utarbeide og sende plan for retting av lovbrøtet slik at risikoen for svikt i helsehjelpa til utlokaliserte pasientar vert redusert. - Det skal gå fram av planen kva tiltak som vert sett i verk, når dei vert sett i verk og korleis dei vil måle om tiltaka fungerer og fører til ønska endring av praksis. - Det skal gå fram av planen korleis leiinga vil følgje med på om dei iverksette tiltaka fungerer over tid og korleis dette er sporbart. Fylkesmannen ber Helse Bergen om å sende plan for retting av lovbrøt innan 01.04.2020.	

HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
			Helseføretaket har ikkje ein felles praksis for å gje informasjon til pasientane. Helseføretaket har ikkje ei lett tilgjengeleg oversikt over utlokaliserte pasientar, og leiinga manglar derfor relevant styringsinformasjon. Helseføretaket evaluerer ikkje regelmessig om tiltak som skal bidra til å redusere risikoen for svikt fungerer som føresett.			
Helse Fonna HF	Fylkesmannen i Vestland har hatt tilsyn med Haugesund sjukehus i høve til utlokaliserte pasientar.	25.10.2019	Fylkesmannen peiker på følgjande: Helse Fonna HF, Haugesund sjukehus har kunnskap om at fleire tiltak for å redusere risiko for svikt i helsehjelpa til utlokaliserte pasientar ikkje fungerer som føresett, men har hittil ikkje sett i verk korrigerande tiltak. Dette er brot på lov om spesialisthelsetjenesten § 3-4a, jf. forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring §§ 6 til 9.	01.12.2019 01.02.2020	Fylkesmannen ber Helse Fonna HF om å sende plan for retting av lovbrøt innan 1. desember 2019. Helse Fonna sendte inn plan for retting av lovbrøt 27.11.2019. Brev frå Fylkesmannen 16.12.2019: Fylkesmannen ønskjer svar på tre konkrete spørsmål om oppfølginga etter tilsynet. Helse Fonna sendte inn svar på etterspurd informasjon om oppfølginga av tilsynet 30.01.2020. 24.02.2020: Fylkesmannen ber om tilbakemelding på effekt av tiltaka og tidspunkt for gjennomføring av sjølevalueringa.	
Helse Førde HF	Fylkesmannen i Vestland har hatt tilsyn med Førde sentralsjukehus i høve	12.09.2019	<u>Eitt avvik.</u>	01.11.2019	Fylkesmannen i Vestland gjennomførte tilsyn med Helse Førde HF, Førde sentralsjukehus i perioden 17. – 20. juni 2019. Dei undersøkte om føretaket sørgjer for at helsehjelp til pasientar som blir utlokaliserte frå medisinsk avdeling blir utført i	

HELSE- FØRETAKE	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
	til utlokaliserte pasientar.				samsvar med aktuelle lovkrav slik at dei får trygge og gode tenester. Tilsynet blei gjennomført som del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn. Fylkesmannen sin konklusjon: «Helse Førde sørgjer ikkje for at iverksette tiltak for å redusere risiko for svikt ved utlokalisering av pasientar blir regelmessig evaluert og korrigert når det er naudsynt». Det er gitt frist til 01.11.2019 for å utarbeide handlingsplan med konkrete tiltak for retting. Helse Førde har sendt tilbakemelding med oversikt over tiltak som er sett i verk, eller skal setjast i verk. Fylkesmannen i Vestland ønskjer å få tilsendt resultat frå eigenevaluering Helse Førde gjer etter ein og tre månadar. Dei vil og følgje arbeidet som blir gjort i etterkant av tilsynet inntil det er dokumentert at praksis er endra slik at informasjonsflyt i samband med utlokalisering og oppfølging av utlokaliserte pasientar fungerer som føresett.	
Helse Fonna HF	Tilsyn 22.03.18 Tilsynet omfatta gjennomgang av styringssystemet ved AMK Haugesund sjukehus	28.06.18	<u>Fire avvik:</u> Avvik 1: Det er uklart kven som tek avgjerder om praksis i enkelte faglege spørsmål. Eit døme på dette er kven som avgjer praksis for bruk a	03.09.2018	Frist for å gi tilbakemelding om tiltak for å rette avvika er sett til 03.09.18. 28.02.19 blei det sendt brev til Fylkesmannen med beskriving av gjennomgang av AMK med bakgrunn i Fylkesmannen sitt tilsyn som gjer greie for utfordringane Fylkesmannen påpeika i	

HELSE- FØRETAKE	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPE ORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
			v naudnett for utalarmering av ressursar på natt (etter kl. 23) i område 3. Avvik 2: Knapp kapasitet, små stillingsprosentar og lite tid/trening som operatør, gjer at risiko for svikt i vurdering og handtering av innkomne meldingar frå befolkninga er stor. Avvik 3: AMK-sentralen følgjer ikkje alltid fastsette rutinar for bruk av Norsk medisinsk Indeks i samarbeid med andre relevante aktørar i akuttkjeda eller ved utalarmering av ressursar (sjå avvik I). Avvik 4: Leiinga har ikkje følgd godt nok med på at praksis har vore i samsvar med dei mål, forventningar og krav som er stilt til denne tenesta.		tilsynsrapporten. Fylkesmannen gav i tilsynet tilbakemelding om fire hovudavvik med tilhøyrande kulepunkt. I førre tilbakemelding blei desse svart ut med tiltak. I vidare svar tar Helse Fonna utgangspunkt i førre tilbakemelding, og evaluerer tiltaka som ligg føre.	

ANDRE TILSYNS- OG KLAGEORGAN:
OVERSIKT OVER SAKER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Arbeidstilsynet	Helse Førde HF	Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn ved DPS Tronvik og Rus Tronvik med tema førebygging av vald og truslar.	03.02.2020	Fire avvik ved DPS Tronvik: 1. Bedriftshelseteneste - plan for bistand 2. Arbeidstid - vurdering av om arbeidstidsordningane er fullt forsvarlege 3. Vald, truslar om vald og uheldige belastningar - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan 4. HMS arbeid - opplæring i bruk av avvikssystem Tre avvik ved Rus Tronvik: 1. Bedriftshelseteneste - plan for bistand 2. Arbeidstid - vurdering av om arbeidstidsordningane er fullt forsvarlege 3. Vald, truslar om vald og uheldige belastningar - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan	30.04.2020		

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Arbeidstilsynet	Helse Fonna HF	Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn ved Valen sjukehus, døgnavdeling for å undersøke om verksemda følger arbeidsmiljøloven sine krav for å førebygge arbeidsrelatert sjukdom og skade.	18.09.2019	Det blei gitt fem pålegg: 1. Vald, truslar om vald og uheldige belastningar – kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan 2. Biologiske faktorar – kartlegging og risikovurdering 3. Biologisk helsefare – tiltak og plan 4. HMS-arbeid – avviksrutine 5. Bedriftshelse-teneste – plan for bistand	28.02.2020	Helse Fonna må sende inn følgande dokumenter innan fristen: - Kartlegging, risikovurdering og planar for handtering av vald, truslar om vald og uheldige belastningar. - Kartlegging og risikovurdering av biologiske og kjemiske faktorar, og verneombodets medverknad. - Kopi av avviksrutine for HMS-arbeid. - Utgreiing av korleis verneombodet har medverka. - Utgreiing av korleis rutinen er gjennomgått med arbeidstakarane. - Kopi av planen for bedriftshelsetenesta sin bistand i verksemda. Helse Fonna sendte inn etterspurd dokumentasjon 06.03.2020.	
Arbeidstilsynet	Helse Bergen HF	Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn ved psykiatrisk klinikk med temaet førebygging av arbeidsrelatert sjukdom og skade.	04.12.2019	Det blei gitt fem pålegg: 1. Kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan når det gjeld vald, truslar om vald og uheldige belastningar.	28.02.2020	Brev frå Helse Bergen 19.12.2019 med svar på tilsynsrapporten. Krav om opplysningar: Det er vist til Smittevernhandboka og Infeksjonskontrollprogrammet. Etter avtale er innhaldslista lagt ved. 1. Plan:	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
				2. Vurdering av om arbeidstids-ordninga er forsvarleg (verksemda har over 50 tilsette). 3. Rutinar knytt til HMS-arbeid. 4. Plan for bistand frå bedriftshelse-tenesta. 5. Vurdering av inndelinga i verneområde. Krav om opplysningar: • Kartlegging av biologiske faktorar. • Plan/rutine for å fjerne eller redusere førekomsten av belastande og/eller helseskadelege biologiske faktorar.		Kartlegging av arbeidssituasjonar som kan medføre vald, truslar om vald, mv. Gjennomføre ForBetringsundersøkinga 2020, risikovurdering og tiltak. Søknad om fristutsetting til 01.07.2020. 2. Plan: Risikovurdering av arbeidsmengde og –belastning. Tilsvarande oppfølging som for punkt 1. Søknad om fristutsetting til 01.07.2020. 3. Evaluering av rutine for handtering av uønska hendingar blir sende innan 28.02.2020. 4. Plan for bistand vil bli utarbeida innan 28.02.2020. Utgreiing vil bli levert innan 28.02.2020. Brev frå Arbeidstilsynet 20.12.2019: Alle dei varsla pålegga blir vedteke. Det er gitt utsett frist for pålegg 1 og 2 til 01.07.2020. Kravet om opplysningar er oppfylt. Brev frå Helse Bergen 12.02.2020 med førespurnad om utsetting av frist for pålegg 3. 4 og 5 til 30.04.2020.	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						Brev frå Arbeidstilsynet 20.02.2020: Utsett frist blei gitt til 30.04.2020.	
Arbeidstilsynet	Helse Stavanger HF	Akuttmottaket: Tilsyn med «utvalgte organisatoriske arbeidsbetingelser og virksomhetens arbeidsmiljøarbeid».	04.09.2019	Varsel om seks pålegg: 1. Arbeidstid – Etterleving av AML kap. 10. 2. HMS-arbeid – kartlegging og risikovurdering. 3. HMS-arbeid – tiltak og plan. 4. HMS-arbeid – rutinar. 5. Verneombod tatt med på råd. 6. Kompetanse – arbeidstakar som er sett til å leie andre.	13.09.2019/ 31.01.2020	Det er gitt frist til 13.09.2019 for å komme med uttale til rapporten. Frist for å svare ut pålegga er sett til 31.01.2020. Helse Stavanger vil sende inn sine kommentarar og svare ut pålegga innan fristane.	
Arbeidstilsynet	Helse Stavanger HF	Søknad om samtykke for bygging av nytt sjukehus.	Mai 2019	SUS2023 har motteke vedtak om samtykke på vilkår 13.05.2019. Prosjektet må gjera ytterlegare greie for: 1. Dagslys og utsyn på arbeidsplasser. 2. Golvareal på 6 m² per arbeidsplass må overhaldast og teikningane	Planane som gjer greie for punkt 1-3 skal leggast fram for Arbeids- tilsynet for godkjenning så snart dei ligg føre og i god tid før nødvendige byggnings- messige endringar blir	Avtalt møte 20.08.2019 for å gå igjennom planar for punkt 1-3 før møte med Arbeidstilsynet haust 2019. Internt møte gjennomført 20.08.2019. Helse Stavanger skal nå oppdatere grunnlaget som tar omsyn til Arbeidstilsynet sitt krav ift. Pkt. 1-3. Helse Stavanger tar sikte på å invitere Arbeidstilsynet til gjennomgang sein haust/vinter 2019. Helse Stavanger svarte ut saka 23.12.19 med utgreiing av	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
				korrigert etter dette. 3. Gardarobane skal delast etter kjønn samt ivareta krav om rein/urein sone, med dusj for tilsette som er eksponert eller utsatt for helsefarlige stoff.	hindra av framdrifta i bygge-arbeidet.	Arbeidstilsynets krav i punkt 1-3 og oppdaterte plantekningar. Helse Stavanger fikk godkjenning på vilkåra frå Arbeidstilsynet og tilbakemelding om å ta saka opp i FAMU. SUS2023 la fram saka for FAMU 17.02.2020, der medlemmene fikk presentert plantekningar og utgreiing av vilkåra. FAMU godkjente SUS2023 sitt tilsvar. SUS2023 venter nå endeleg godkjenning frå Arbeidstilsynet.	
Arbeidstilsynet (2019/7794)	Helse Bergen HF	Kvinneklirikken: Tilsyn med utvalde organisatoriske og psykososiale arbeidsvilkår og verksemda sitt arbeidsmiljøarbeid.	03.07.2019	Krav om opplysningar: • Evaluering av tiltak som er satt i gang for å ta hand om arbeidsoppgåvene til klinikkoverjordmor. • Prosjektgruppa si avgjerd for ny leiarstruktur på Fødeseksjonen. • Årsrapport for BHT sin bistand i verksemda for 2018. • Plan for BHT sin bistand for 2019 i verksemda. Frist: 25.10.2019 Varsel om pålegg: 1 Verneombod - tid	25.10.2019/ 15.11.2019	Det er gitt frist til 15.08.2019 for å komme med uttale til rapporten. Helse Bergen har søkt om utsetting til 23.08.2019. 23.08.2019 Helse Bergen: Tilsvar til tilsynsrapport: 1. Verneombod - Tid Avtalemal som nyttast er lagt ved. Pålegget er oppfylt. 2. Arbeidstidsordning - Forsvarlegvurdering Helse Bergen ber om rettleiing til korleis dette pålegget skal løysast 3. Verneombod - Tatt med på råd Det vert gjort greie for rådslaging. Pålegget er oppfylt. Andre punkt som er kommentert:	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
				Utgreiing om korleis verneomboda sikrast naudsynt tid til vernearbeidet. Frist: 25.10.2019 2 <i>Arbeidstidsordning - vurdering av om ordninga er forsvarleg.</i> • Vurdering av ordninga for jordmødre. • Handlingsplan med tiltak som følge av vurderinga, med tidsfristar og status. • Omtale av korleis verneomboda har medverka. • Referat og sakspapir frå AMU om saka. Frist: 15.11.2019 3 <i>Verneombod - tatt med på råd</i> Utgreiing om korleis verneomboda vert tatt med på råd, m.a. i samband med AMU, årsturnus, nybygg og omstilling. Frist: 25.10.2019 Vedtak om pålegg:		"1. Evaluering av iverksette tiltak for å ivareta arbeidsoppgåvene til klinikkoverjordmor. 2. Prosjektgruppen sin beslutning for ny leiarstruktur på Fødeseksjonen 3. Årsrapport for BHT sin bistand i verksemda 2018". Krav om dokumentasjon: • Kopi av forsvarlegheitsvurderinga av arbeidstidsordninga for jordmødre ◦ Kartlegginga må innehalde vurdering av arbeidsmengde og arbeidsbelastning, det vil sei både organisatoriske og psykososiale arbeidsmiljøbetingelsar. ◦ Beskriving av korleis over 1500 ledige vakter i årsturnusen er blitt dekkja inn i 2019. Bemanninga for helg og ferieavvikling skal konkretiserast. • Konkret handlingsplan med tiltak som følgje av forsvarlegheitsvurdering av arbeidstida, herunder korleis ledige vaktar i årsturnusen vil bli dekkja inn for framtida. • Planen skal innehalde tidsfristar for gjennomføring og status på tiltak • Beskriving av korleis verneomboda har medverka. • Referat og dei aktuelle sakspapira frå arbeidsmiljøutvalet kor forsvarlegheitsvurderinga av arbeidstidsordninga og tiltaksplan er behandla. 25.10.19: Brev frå Helse Bergen	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
				Arbeidstidsordning - vurdering av om ordninga er forsvarleg: "Arbeidstilsynet stiller spørsmål ved om ein årsturnus med over 1500 ledige/udekte vakter er arbeidsmiljømessig forsvarlig." Vedtak om pålegg: Bedriftshelseteneste - plan for bistand: Arbeidsgjevar skal i samarbeid med bedriftshelsetenesta utarbeide planar for bedriftshelse-tenesta sin bistand i verksemda.	08.01.2020	Tilbakemelding om 1. Evaluering av tiltak for å vareta oppgåvene til klinikkoverjordmor. 2. Prosjektgruppa si avgjerd om ny leiarstruktur ved Fødeseksjonen. Brev frå Helse Bergen 27.11.2019: Utgreiing av arbeidet med å oppfylle pålegget om arbeidstidsordning. Kvinneklinikken vil gjere den pålagte undersøkinga både i fødeseksjonen og i alle andre seksjonar i klinikken. Helse Bergen ønskjer difor utsett frist til 01.07.2020. Brev frå Arbeidstilsynet 19.12.2019: Vedtak om pålegg. Utsett frist for oppfylling av pålegg om «Arbeidstidsordninga – vurdering av forsvarlegheit» til 01.07.2020. Brev frå Helse Bergen 08.01.2020: Oppfylling av pålegg om plan for bistand frå bedriftshelsetenesta. Det er utarbeida og lagt ved ein slik plan for kvinneklinikken. Det er og gjort greie for korleis ledige vakter er dekkja inn i 2019 og om rekruttering av nye jordmødrer i andre halvår 2019. Brev frå Arbeidstilsynet 22.02.2020: Bedriftshelseteneste - plan for bistand: Pålegget er oppfylt og lukka.	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						Arbeidstidsordning - vurdering av om ordninga er forsvarleg: Første punkt og andre underpunkt er lukka. Resten av pålegget har frist til 01.07.2020.	
Arbeidstilsynet	Helse Vest RHF	Varslet dato for tilsynet er 11.04.2019. Tema for tilsynet er «organisatoriske arbeidsbetingelsar og verksemda sitt arbeidsmiljøarbeid». Tilsynet er utsatt til 07.05.19.	03.06.2019	11 pålegg: Verneombod: 1. Opplæring 2. Inndeling av verneområde Arbeidsmiljøutval: 3. Opplæring 4. Avklaring av oppgåver 5. Varsling: Rutine HMS: 6. Kartlegging og risikovurdering 7. Tiltak og plan 8. Systematisk HMS- arbeid 9. Avviksrutine 10. Gjennomgang av internkontroll 11. Opplæring i bruk av avvikssystem	01.10.2019	I varsel for tilsyn står det at inntil fire personar frå Helse Vest RHF inkl. verneombod er bedt om å delta i tilsynet. Helse Vest RHF har frist den 1. mars 2019 til å sende inn div. dokumentasjon som førebuing for tilsynet. Førebuaende dokumentasjon er sendt inn. Det er gitt frist til 21.06.2019 for å komme med uttale til rapporten. Frist for å lukke avvika er 01.10.2019. Uttale til rapporten blei sendt frå Helse Vest RHF den 18.06.2019, der det også blei søkt om utsatt frist for å lukke avvika til 01.12.2019. 26.06.19 Brev frå Arbeidstilsynet: Alle dei varsla pålegga blei vedtatt. Helse Vest RHF fekk ikkje utsatt frist til 01.12.2019. Frist for ny tilbakemelding blei satt til 18.10.2019.	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						Helse Vest RHF sendte tilbakemelding om korleis avvika er handtert og kva tiltak som er sett i verk for å lukke avvika den 18.10.2019. Brev frå Arbeidstilsynet 13.11.2019: Ni av pålegga er lukka. Arbeidstilsynet vurderer at Helse Vest RHF må arbeide vidare med følgjande pålegg: • Arbeidsmiljøutval – opplæring • HMS-arbeid – kartlegging og risikovurdering. Ny frist for lukking av avvika er 03.02.2020. Brevet frå Arbeidstilsynet er sendt vidare til arbeidsmiljøutvalet (AMU) og verneombod. Skal takast opp i neste AMU-møte 03.12.2019. Brev frå Helse Vest RHF 03.02.2020 med utgreiing om korleis dei to siste pålegga er følgt opp. Brev frå Arbeidstilsynet 19.02.2020, der dei bekreftar å ha motteke svar frå Helse Vest RHF, men at dei har stor arbeidsmengde, som gjer at Helse Vest RHF må rekne med lengre saksbehandlingstid.	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Arbeidstilsynet	Helse Førde HF	Tilsyn med Førde sentralsjukehus i høve til inneklima.	30.01.2019	Tre avvik	04.10.2019 31.05.2020	Før jul 2018 stengte verneombodet fleire kontorlokale på grunn av fukt og helseutfordringar. Arbeidstilsynet sin konklusjon var at det ikkje var direkte fare for arbeidstakaranes liv og helse, og at det ikkje var grunnlag for å halde kontorlokala stengt, jf. arbeidsmiljøloven § 6-3 (1). Det er fatta vedtak om tre pålegg: 1. HFD skal kartlegge og risikovurdere om arbeidslokale er utforma slik at dei enkelte arbeidsplassane, personalromma osv. har eit tilfredsstillande inneklima. 2. Det skal setjast i verk tiltak og/eller utarbeidast plan for å fjerne eller redusere forhold som kan føre til helseproblem på grunn av dårleg inneklima. 3. Det skal sørgjast for at bedriftsleasetenesta hjelper til med gjennomføringa av pålegg som er gitte. Helse Førde har engasjert SINTEF for å hjelpe til med arbeidet. SINTEF har gjennomført synfaring i kjellaren. Helse Førde har motteke rapport frå synfaringa og følger saken opp vidare. Arbeidstilsynet er orientert om status i saka. Frist for retting er utsett til 04.10.2019.	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						Helse Førde har sendt tilsvar til Arbeidstilsynet om korleis avvika er handtert. Arbeidstilsynet har fått og fått rapporten frå Sintef og risikovurderinga som er utarbeida av bedriftshelsetenesta. I brev datert 13.11.2019 sa Arbeidstilsynet seg nøgd med opplysningane dei hadde motteke knytt til dei tre pålegga. Desse pålegga var oppfylt. I same brev varsla likevel Arbeidstilsynet om et nytt pålegg: 03.12.2019 fikk Helse Førde eitt nytt pålegg knytt til risikofaktorar, med frist 31.02.2020.	
Arbeidstilsynet	Helse Fonna HF	Tilsyn 07.06.18 Kvinnherad ambulansestasjon Tema: «Arbeidstilsynet fører tilsyn med at verksemdene følgjer arbeidsmiljøloven sine krav for å førebyggje arbeidsrelatert sjukdom og skade».	16.10.2018	<u>Seks pålegg:</u> 1. Bedriftshelseteneste – plan for bistand. Arbeidsgivar skal i samarbeid med bedriftshelsetenesta utarbeide ein plan for bedriftshelsetenesta si bistand i verksemda. 2. Vald, truslar om vald og uheldige psykiske belastningar - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan		Frist for innsending av plan er 30.01.19 30.01.19 har Helse Fonna sendt svar på Arbeidstilsynet sitt pålegg i etterkant av tilsyn og gjennomført tiltak på Kvinnherad ambulansestasjon. Ytterlegare informasjon blei sendt 02.10.2019 og Arbeidstilsynet avslutta saka 04.10.2019.	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
				Arbeidsgivar må forbetre verksemda si kartlegging og risikovurdering ved arbeidssituasjonar som kan medføre at arbeidstakar blir utsett for vald, trussel om vald og uheldige belastningar som følgje av kontakt med andre. 3. Biologiske faktorar - kartlegging og risikovurdering Arbeidsgivar skal kartlegge eksponering av biologiske faktorar og vurdere risiko for arbeidstakarane si helse og sikkerheit. 4. Biologisk helsefare — tiltak og plan. Arbeidsgivar skal setje i verk tiltak og/eller utarbeide plan for å fjerne eller redusere førekomst av belastande og/eller helseskadelege biologiske faktorar.			

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
				5. Manuelt arbeid - kartlegging og risikovurdering Arbeidsgivar skal kartlegge manuelt arbeid som kan innebære risiko for helseskadar. På bakgrunn av kartlegginga må helsemessig risiko vurderast. 6. Manuelt arbeid -tiltak og plan. Arbeidsgivar skal gjennomføre nødvendige tiltak og/eller utarbeide plan for å fjerne eller redusere førekomsten av belastande og helseskadeleg manuelt arbeid.			
Arbeidstilsynet	Helse Fonna HF	Tilsyn 27.04.18 Karmøy ambulanse Stasjon Tema: Arbeidstilsynet fører tilsyn med at	16.10.2018	<u>Fem pålegg:</u> 1. Bedriftshelseteneste – plan for bistand. Arbeidsgivar skal i samarbeid md bedriftshelsetenesta		Frist for innsending av plan er 30.01.19 30.01.19 Sendt svar på Arbeidstilsynets pålegg i etterkant av tilsyn gjennomført på Karmøy ambulansestasjon.	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
		verksemdene følgjer arbeidsmiljøloven sine krav for å førebygge arbeidsrelatert sjukdom og skade.		utarbeide ein plan for bedriftshelsetenesta si bistand i verksemda. 2. Biologiske faktorar - kartlegging og risikovurdering. Arbeidsgivar skal kartlegge eksponering av biologiske faktorar og vurdere risiko for arbeidstakarane sin helse og sikkerheit. 3. Biologisk helsefare — tiltak og plan. Arbeidsgivar skal setje i verk tiltak og/eller utarbeide plan for å fjerne eller redusere førekomsten av belastande og/eller helseskadelege biologiske faktorar. 4. Vald, truslar om vald og uheldige psykiske belastningar - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan. Arbeidsgivar må forbetre verksemda si kartlegging og			

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
				risikovurdering ved arbeidssituasjonar som kan medføre at arbeidstakar blir utsett for vald, trussel om vald og uheldige belastningar som følgje av kontakt med andre. 5. Vald og truslar – rutinar. Arbeidsgivar skal setje i verk rutinar for korleis vald, truslar og andre uheldige belastningar som følgje av kontakt med andre skal førebyggast, meldast, handterast og følgjast opp.			
Arbeidstilsynet	Helse Fonna HF	Tilsyn 19.04.18 Haugesund ambulanse- stasjon Tema: Arbeidstilsynet fører tilsyn med at verksemdene følgjer arbeidsmiljøloven sine krav for å førebyggje	16.10.2018	<u>Fire pålegg:</u> 1. Bedriftshelseteneste – plan for bistand. Arbeidsgivar skal i samarbeid med bedriftshelsetenesta utarbeide ein plan for bedriftshelsetenesta sin bistand i verksemda.		Frist for innsending av plan er 30.01.19 30.01.19 Sendt svar på Arbeidstilsynets pålegg i etterkant av tilsyn gjennomført på Haugesund ambulansestasjon.	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
		arbeidsrelatert sjukdom og skade.		2. Biologiske faktorar - kartlegging og risikovurdering. Arbeidsgivar skal kartlegge eksponering av biologiske faktorar og vurdere risiko for arbeidstakarane sin helse og sikkerheit. 3. Biologiske faktorar - kartlegging og risikovurdering. Arbeidsgivar skal kartlegge eksponering av biologiske faktorar og vurdere risiko for arbeidstakarak sin helse og sikkerhet. 4. Vald, truslar om vald og uheldige psykiske belastningar - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan. Arbeidsgivar må forbetre verksemda si kartlegging og risikovurdering ved arbeidssituasjonar som kan medføre at arbeidstakar blir utsett for vald, trussel om			

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
				vald og uheldige belastningar som følgje av kontakt med andre.			
Arbeidstilsynet	Helse Bergen HF	Div. ambulansestasjonar, Akuttmedisinsk avd., Kirurgisk serviceklinikk		08.03.2019 Vedtak om pålegg i seks brev frå Arbeidstilsynet:		28.09.18: Brev frå Helse Bergen. Tilbakemelding med kommentarar om alle tema der det er varsla pålegg.	24.01.2020
		Eidfjord	31.08.2018	Bedriftshelseteneste - plan for bistand -	15.12.2018	24.10.18: Brev frå Arbeidstilsynet:	
		Bergen Sentrum	07.09.2018	Sentrum, Fana,		Dei varsla pålegga blei halde fast.	
		Fana (Fanaveien)	10.09.2018	Eidfjord, Osterøy, Åsane, Os		09.01.2019:	
		Åsane	21.12.2018	ambulansestasjonar		Oppsummeringsmøte etter tilsyn innan ambulansetenesta.	
		Osterøy	21.12.2018	Verneombod - opplæring - Osterøy, Åsane, Os	01.04.2019	Agenda: Orientering om tilsyn og funn, oppfølging av pålegg, vidare saksgang.	
		Ås	21.12.2018	Vald og trussel om vald - Opplæring - Osterøy, Åsane, Os	01.07.2019	29.03.2019 Brev frå Helse Bergen HF: Klage på vedtak: Bedriftshelseteneste - plan for bistand.	
				Biologiske faktorar - kartlegging og risikovurdering - Osterøy, Åsane, Os	01.04.2019	29.03.2019 Tilbakemelding frå Helse Bergen HF om:	
				ambulansestasjonar		1. Biologiske faktorar - kartlegging og risikovurdering	
				Biologisk helsefare - tiltak og plan - Osterøy, Åsane, Os	01.04.2019	2. Biologisk helsefare - tiltak og plan	
				ambulansestasjonar		Verneombod – opplæring	
						09.05.2019: Oversending av klage på pålegg til Direktoratet for arbeidstilsynet om	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
				Manuelt arbeid - informasjon og opplæring - Osterøy, Åsane, Os ambulansestasjonar	01.07.2019	bistand frå bedriftshelsetenesta med kommentarar: Vedtaket vært ikkje omgjort. 10.05.2019: Brev frå Arbeidstilsynet: - Pålegg som er oppfylt: Opplæring av verneombod og tiltak knytt til biologisk helsefare. - Pålegg som vert halde fast: Plan for bistand frå bedriftshelsetenesta for alle stasjonane. Saka ligg i ro inntil klagen er behandla. 27.05.2019: Brev frå Helse Bergen: Kommentarar til oversendinga av klagen. 17.06.2019, Brev frå Direktoratet for arbeidstilsynet: Klagesaka vil bli handsama innan 02.09.2019. 24.06.2019, Brev frå Arbeidstilsynet: Arbeidstilsynet har vurdert saka på nytt etter brevet frå Helse Bergen av 27.05.2019, og har kome til at det ikkje er grunn til å endre vedtaka i saka. Klagesaka står fortsatt for Direktoratet for arbeidstilsynet for endeleg vurdering.	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						21.06.2019 Brev frå Helse Bergen: Tilbakemelding om pålegg: • Vold, truslar om vold og uheldige psykiske belastningar: Faremoment er kartlagt og risikovurdert, og tiltak er satt i verk. Verneomboda har medverka. • Vold og truslar om vold: Alle medarbeidarar ved stasjonane Sentrum/øst, Nord og Sør/vest vil få opplæring innan utgangen av 2019. Kompetanseportalen vert nytta i organiseringa av opplæringa. • Manuelt arbeid: Alle medarbeidarar ved stasjonane Sentrum/øst, Nord og Sør/vest vil få opplæring i forflytning. Det er gjennomført kurs for forflytningsrettleiingar, og det vert søkt om utsett frist til 31.12.19 for opplæring av medarbeidarane. • Ymse rapportar og møtereferat er lagt ved. 09.07.19 Brev frå Arbeidstilsynet: Tilbakemelding i saka er venta innan medio september. 17.09.19: Brev frå Direktoratet for Arbeidstilsynet: Dei seks klagesakene er handsama under eitt, men det er fatta eitt vedtak for kvart tilsynsobjekt (ambulansestasjon).	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						Pålegget av 08.03.19 som det blei klaga på: "Arbeidsgiver skal i samarbeid med bedriftshelsetjenesten utarbeide plan for bedriftshelsetjenestens bistand i virksomheten. For å vurdere om pålegget er oppfylt må vi innen 15.5.2019, ha mottatt: • kopi av planen for bedriftshelsetjenestens bistand ved Åsane ambulansestasjon • planen skal minimum inneholde forhold knyttet til: ○ sykefraværsoppfølging ○ lovpålagte helseundersøkelser ○ vaksinasjon" Direktoratet finn at "Plan for Bedriftshelsetjenestens bistand i Helse Bergen HF" ikkje er tilstrekkeleg konkret når det gjeld kva bedriftshelsetjenesta skal bidra med i verksemda. Planen må konkretisere BHT sine tiltak når det gjeld dei risikofaktorane den einskilde eininga står overfor. Direktoratet finn òg at Arbeidstilsynet Vestlandet hadde heimel til å sette vilkår om plan for BHT sin bistand til den einskilde ambulansestasjon.	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						Klagene blir ikkje tatt til følge. Dei opphævelege vedtaka blir stadfesta. 23.09.19: Brev frå Arbeidstilsynet Innkalling til rettleiingsmøte med Helse Bergen 29.10.2019. 24.09.19: Brev frå Helse Bergen Søknad om utsett frist for gjennomføring av pålegg til 15.11.19. 27.09.2019: Brev frå Arbeidstilsynet Oppfylte krav: • Dokumentasjon i samband med pålegg om kartlegging mv. av vald og truslar. Utsett frist til 31.12.19: • Stadfesting av at opplæring og øving i førebygging av vald og truslar er gitt, blir gjenteke, og tilpassa nye risikovurderingar. • Plan for bistand frå bedriftshelsetenesta til dei einskilde ambulansestasjonane. Brev frå Helse Bergen 19.12.2019: Tilbakemelding om pålegg: - Vald og truslar - opplæring: Medarbeidarane har gått gjennom relevant opplæring. Kompetanseportalen vert nytta til årleg sertifisering. ReBas-instruktørane får årleg oppfriskingskurs. Nye faremoment vert følgt opp.	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPO RT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						- Manuelt arbeid - informasjon og opplæring: Medarbeidarane har fått forflyttingsopplæring. - Bedriftshelseteneste - plan for bistand: Plan er laga for bedriftshelsetenesta sin bistand til AMA og til dei seks ambulansestasjonane. Verneomboda har delteke. Tilsvarande planar vil bli laga for dei andre ambulansestasjonane i Helse Bergen. Brev frå Arbeidstilsynet 23. og 24.01.2020 med tilbakemelding om oppfylte pålegg: - Vald og truslar – opplæring - Bedriftshelseteneste – plan for bistand - Manuelt arbeid – informasjon og opplæring. Alle pålegga er no oppfylt og tilsynet er avslutta.	
